

DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET

Ølen Senter, 5580 Ølen
Tlf 95 73 17 15

MØTE I HJORTEVILTUTVALET 17/2 2010, ISVIK KAFFE I SKJOLD

Til stades	medlemmer:	Sekretærer:
Karmøy kommune	Kjell Netland	
Haugesund kommune	Jon Arve Ripnes	
Vindafjord	Erling Lien	Gitte Halvorsen
Tysvær kommune	Håkon Lilleskog	
Sveio kommune	Gunvald Alfsen	
Sauda kommune	Harald Løland	
Suldal kommune	Arild Hebnes	
Andre:	Olav Matre, Sigvald Stangeland Karl Ludvig Ådland	
Meldt forfall:	Udmund K. Stengårdsbakken, Peder Christiansen, Jan E. Larsen, Tor Aanesen	
Møtte ikkje:	Bokn kommune	

Kjell Netland leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga.

Ny sak fremma. Sjå sak 5: Sporhundsentralen og fallvilt. Fakturering gjennom Hjorteviltutvalet

Sak 1. Orientering

Gjennomgang av fellingsstatistikken for 2009. Eit år med rekord både i tildelte hjorteløyver (3318) og i avskyting (2367). Av kommunane skil særleg Suldal seg ut med høg auke i tildelte løyver (771) og avskyting (455). I regionen er det no berre Vindafjord som har høgare løyve – og fellingsresultat (994/807).

Det vart synst til nyoppretta nettside www.sporhundsentralen.net, og kommunane vart oppmoda om å koma med innspel til innhald på nettsida.

Sak 2. Jakttida for hjort 2010-2011. Erfaringar frå 2009. Ny søknad ?

Frå og med 1/1 2010 er ansvaret for hjorteforvaltninga overført frå fylkesmannen til fylkeskommunen. Det er difor respektive fylkeskommunar som skal handsame eventuelt søknad om utvida/endring i jakttida. I 2009 hadde Rogalandskommunane Suldal, Sauda, Vindafjord og Tysvær 14 dagar forlenga jakttid. Hordalandskommunane Etne og Sveio fekk avslag på tilsvarande søknad om forlenga jakt. Møtet peika på at det er viktig at jakttida samordnast mellom kommunane, og at arbeidsutvalet kontaktar både Rogaland og Hordaland fylkeskommune for å samkjøre dette. Det kom og fram ynskje om å påverke dei nasjonale jaktidsramene m.a. med opning for å kunne starte hjortejakta tidlegare. Fleire kommunar hadde fått positiv tilbakemelding for 2009 med signal om ynskje om vidare utvida jakt. Møtet konkluderte ikkje rundt spørsmålet om mogleg samordning mellom kommunane knytt til sjølve søknadsprosessen om endring av jakttida for 2010-2011, men arbeidsutvalet har i oppdrag å vurdere dette nærare.

Sak 3. Seminar 2010

Dato sett til 25. mars. Hovudsaken vert avslutning /gjennomgang av sluttrapporten for GPS-forsøket "Hjort på Haugalandet" v/Barbara Zimmermann. I tillegg vert Rogaland fylkeskommune utfordra med tanke på innlegg knytt til overføring av ansvarsområde for hjorteforvaltninga. Aktuelle lokale i Aksdal og Vindafjord skal vurderast som møtestad.

Sak 4. Val for 2010-2011

Valnemnda v/ Gunvald Alfson la fram følgjande forslag:

Kjell Netland,	Karmøy	leiar	ny
Erling Lien,	Vindafjord	nestleiar	ny
Jon Arve Ripnes,	Haugesund	medl.arbeidsutvalet	gjennval
Harald Løland,	Sauda	medl.arbeidsutvalet	ny

Vedtak:

Valnemnda sitt forslag samrøystes vedteke.

Sak 5. Sporhundsentralen og fallvilt. Fakturering gjennom Hjorteviltutvalet.

Saka reist av Sporhundsentralen v/ Olav Matre.

Ved offentlege ettersøk skal det nyttast godkjente ekvipasje dersom dette er tilgjengeleg i kommunen. Fleire kommunane i regionen nyttar ekvipasjar knytt til Sporhundsentralen. Ved slike ettersøk forhold ekvipasjane seg direkte til den einsskilde kommune når det gjeld ansvar og økonomisk oppgjer. Erfaringa syner at dette vert handtert noko ulikt frå kommune til kommune. Sporhundsentralen ynskjer difor at medlemmer av sentralen både forsikringsmessig og økonomisk kan forhalde seg til Hjorteviltutvalet. Konkret kan dette løysast ved at ettersøksekvipasjane sender rekning for oppdrag rekvirert av kommunane direkte til Hjorteviltutvalet som står for vidare utbetaling etter faste satsar. Hjorteviltutvalet fakturerar då den einsskilde kommune i ettertid.

Vedtak:

Ved offentlege ettersøk rekvirert av kommunane, forhold medlemmer i Sporhundsentralen seg juridisk og økonomisk til Hjorteviltutvalet ved at rekning på godkjent skjema vert sendt direkte til Hjorteviltutvalet som står for vidare oppgjer. Utvalet fakturerar den einsskilde kommune i ettertid.

Under eventuelt:


Sporhundsentralen synte til positivt møte med Tysvær kommune, utstyr som sentralen ynskjer å kjøpe inn, sporhundsamling i Etne i 2009 og at ny samling er under planlegging våren 2010. Sentralen er generelt godt dekket med ekvipasjar i regionen, med ynskjer å få etablert fleire hundar i Suldal kommune.

Erling Lien synte til positivt samarbeide med jakttoppsynet der kommunen sjøve har delteke i arbeidet. Signal vidareformidla frå Tor Aanesen til møtet om at han ønskjer meir samarbeide og kontakt med kommunane i det praktiske arbeidet.

Til Udmund Kjell Stengårdsbakken:

Møtet ynskjer å takka avtroppande formann for innsatsen.

Ølen 3/3 2010



Karl Ludvig Ådland